



## Møtereferat

Dato: 18.07.2018

Emne:	<b>Referat frå sentralt AKAN-utval 19.06.18</b>		
Til stades:	Bård Sandal, leiar Rune Stadsnes, arbeidstakarrepr. Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod Gro Altenau, bedriftslege, Bedriftshelsetenesta Frode Mannsåker, sekretær		
Forfall:	Helene Systad, arbeidsgivarrepr. Mariann Leganger, arbeidstakarrepr	Sak: 2014/193-35	
Møtetid:	19.06.18 kl. 14.00 – 15.30	Møtestad: Møterom 11. et.	

**Møteleiar: Bård Sandal**

**Referent: Frode Mannsåker**

Sak nr.		Ansvar	Frist
<b>6/18</b>	<b>Godkjenning av referat frå møtet 23.02.18</b> Referatet var sendt på førehand, og vart godkjent.		
<b>7/18</b>	<b>Dilemmaverktøyet frå AKAN – erfaring etter intranetttoppslag 24. mai</b> Bård viste til det fine oppslaget om Dilemmaverktøyet på intranett. Det har ikkje kome telefonar til BHT etter oppslaget. - Frode undersøker med komm.seksjonen kor mange som har klikka på oppslaget. - BHT lagar eit pdf-dokument om Dilemmaverktøyet for utsending til einingane til hausten. - Frode sjekkar med fylkestannlegen om oppslaget har vore synleg for dei tilsette i Tannhelsetenesta.	<b>FM</b> <b>GA</b> <b>FM</b>	<b>01.07</b> <b>01.09</b> <b>01.07</b>
<b>8/18</b>	<b>Planlegging av seminar 27. november 2018</b> Framlegg til tema: Frode: Avhengigheit – kvinneperspektiv på rus og pengespel Gro: Kva skjer i hjernen på dei som er avhengige – kva plass har fornufta for ein som rusar seg? Gro tek kontakt med Bergensklubben for å få ein innleiar (t.d. Kari Lossius eller Arne Klyve) Seminaropplegg elles som i fjor, tidsramme kl 10.00 – 15.00.	<b>GA</b>	<b>01.08</b>
<b>9/18</b>	<b>HAMU-handsaming 16. mars av årsmelding og handlingsplan</b> Årsmelding og handlingsplan vart tekne til etterretning av HAMU.		
<b>10/18</b>	<b>Eigenkontroll 2017 – AKAN-oppfølging</b> Rapport frå eigenkontrollen var sendt ut på førehand. Rapporten viser at på spørsmålet (nr. 11.): «Har AMU i di eining hatt AKAN opp som sak i 2017?», så svarte 31 JA og 15 NEI. I handlingsplanen for oppfølging av eigenkontrollen får AKAN-utvalet ansvar for å følgje opp dette resultatet. AKAN-utvalet ønskjer følgjande oppfølging: - Utsending av dokument om Dilemmaverktøyet		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ved denne utsendinga: nemne AKAN og AMU, og skildre døme på korleis AKAN kan takast opp som sak.</li> <li>- Seminaret 27.11.18: Avslutte med gode døme frå skulane. Helene får i oppgåve å finne eit slik døme som kan presenterast i seminaret.</li> <li>- Leiarnytt nr 2/18 (mars) omtale har allereie nemnd at 33 prosent av einingane ikkje hadde hatt AKAN som sak.</li> </ul>	<b>FM/BHT</b>	<b>30.09</b>
		<b>HS</b>	<b>27.11</b>
<b>11/18</b>	<p><b>Oppfølging av handlingsplanen for 2018</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- e-læring: utvalet ser gjennom kurset i neste møte, før utsending</li> <li>- Utvalsmøtet 21. september vert utsett til 28. sept.</li> <li>- Deltaking i ALOR-nettverk: Gro sjekkar om nokon frå BHT deltok 12.04.18. Neste nettverksmøte vert 25.10.18. Gro syter for at nokon frå BHT møter.</li> </ul>	<b>FM</b>	<b>28.09</b>
		<b>FM</b>	<b>01.07</b>
		<b>GA</b>	<b>01.09</b>
<b>12/18</b>	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Ingen saker.</p> <p>Neste møte: <b>fredag 28. september kl. 12 – 14</b>, Bårds kontor i 11 et. (seinare korrigert klokkeslett: kl. 09 -11)</p>		